



**Kort rapport om ein del slåttemarkslokalitetar i  
Norddal kommune i Møre og Romsdal Fylke  
Bioreg AS rapport 2012:13**

# BIOREG AS

## Rapport 2012:13

<b>Utførande institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik	<b>ISBN:</b> 978-82-8215-197-9
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik, 6693 Mjosundet  Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>	<b>Finansinert av:</b> Norddal kommune	<b>Dato:</b> 31. juli 2012
<b>Referanse:</b> Oldervik, F.G. & Folden. Ø. 2012. Kort rapport om ein del slåttemarkslokalitetar i Norddal kommune i Møre og Romsdal Fylke. Bioreg AS rapport 2012 : 13. ISBN-nr: 978-82-8215-197-9.		
<b>Referat:</b> Etter ynskje frå næringssjefen i Norddal kommune, Toralv Klokkarstad, er ein del lokalitetar i kommunen undersøkt med tanke på biologisk mangfald og vurdert kor vidt dei kan definerast som den prioriterte naturtypen slåttemark. I alt vart 5 bruk spreidd omkring i kommunen undersøkt. På to av desse bruka vart det registrert slåttemarkar der verdien var vurdert å vera minst B. På dei tre siste bruka vart dei aktuelle markane vurdert å vera såpass oppgjødsla og lite verdfulle at det var uaktuelt å byrja skjøtta dei som verdfulle slåttemarkar.		
<b>4 emneord:</b> Slåttemarkar Biologisk mangfald Raudlisteartar Registrering		

**Figur 1. Framsida; Denne enga mellom riksvegen og Eidsvatnet vert kalla Øyrane. Den tilhøyrer gnr 65/2 og vart slik vurdert som ei potensiell verdfull slåttemark. Det er likevel rimeleg enkelt å konstatera at denne enga er dominert av høgvakne nitrofile artar som hundekjeks mfl. og slik uaktuell som den prioriterte naturtypen, slåttemark. (Foto; Finn Oldervik, Bioreg AS © 28.06.2012).**

## FØREORD

I samband med at det hadde kome ynskje frå ymse brukarar i Norddal kommune om å få ein del enger vurdert i høve den prioriterte naturtypen, slåttemark. I samband med dette fekk Bioreg AS oppdraget med å sjekka dei aktuelle engene for biologisk mangfald, samt vurderer kor vidt nokon av dei var aktuelle for utarbeiding av skjøtselsplan.

Før vi starta opp prosjektet vart alle dei aktuelle brukarane kontakta og dato vart avtala. Undersøkingane vart utført den 27. og 28. juni 2012 og vi møtte alle brukarane, bortsett frå ein.

Vi vil med dette takka alle saman for gode orienteringar om noverande og historisk bruk av dei einskilde lokalitetane. Oppdragsgjevaren vert takka for oppdraget og for tilsendt bakgrunnsinformasjon.

**Aure 31.07.2012**

**Finn Oldervik,  
(Bioreg AS)**

**Øystein Folden,  
(Folden grønt og plan)**

## **Lokalitetar i Norddal kommune undersøkt for biologisk mangfald den 27. og 28.06.2012**

### **Innleiing**

Dei naturfaglege undersøkingane i Norddal vart utført på oppdrag frå næringssjef i Norddal kommune, Toralv Klokkehaug. Det var Finn Oldervik og Øystein Folden som utførte oppdraget for Bioreg AS. Målet med undersøkinga var å avdekkja kor vidt ein del enger i Norddal kunne definerast som slåttemark ut frå kravet som er nærare fastsett for denne Naturtypen i DN-Handbok 13. Det var dei einskilde brukarane som hadde kome med ynskje om slike undersøkingar og som peika ut dei engene som dei meinte kunne svara til definisjonen. Det var i alt 5 brukarar som hadde meldt si interesse for slike undersøkingar, nemleg Svein Linge, brukar av Lingås (gnr 2 bnr 2) og Muriås (gnr 3 bnr 1, 2 og 3), Turid Indset (Harald Fossheim) (gnr 52 bnr 6), Ingvild Hansen Nystad (gnr 54 bnr 4 m.m.), Gunnar Inge Eide (gnr 65 bnr 2), Eide i Eidsdal og Solveig Berge Tafjord (gnr 67 bnr 3) Berge i Eidsdal.

### **Metode**

Undersøkingane er basert på intervju med brukarar/eigarar for å få greie på lokalisering samt noko historikk om dei aktuelle slåttemarkane. Det er teke opp artslistar på dei lokalitetane som vi meinte hadde potensial for å kunne verta definert som den prioriterte naturtypen; Slåttemark. Artslistene er lagt inn i Artsdatabankens artsobservasjonar. Ei førebels verdisetting er gjort etter NIN-metoden skildra i faktaarket som er utarbeidd for kulturmarksenger no i 2012.

### **Dei ymse bruka som vart undersøkt.**

#### **Lingås og Muriås i Valldal**

Den 27. juni 2012, ettermiddag og kveld vart Lingås og Muriås undersøkt med tanke på lokalisering av den prioriterte naturtypen, slåttemark. I alt vart det lokalisert 4 slåttemarker som kunne gjevast B-verdi, alle på Muriås sin grunn. I tillegg var det ein lokalitet som ikkje vart undersøkt pga. ei misforståing mellom kartleggjarane og eigar og drivar, Svein Linge. Også denne stettar truleg krava for å verta verdisett som ein B-lokalitet. Det betyr då at det er 5 slåttemarker som det bør utarbeidast skjøtselsplanar for på Muriås. Det vart også sett på slåtteeengene på Lingås, men vi vurderte dei som for mykje oppgjødsla og til dels prega av mange og høgvaksne, nitrofile artar til at vi kunne gje nokon av dei B-verdi.



**Figur 2.** Den største av desse lokalitetane skal avgrensast mot sør, omlag der den grove grøne linja går. Lokaliteten som er avgrensa med grønt fekk vi ikkje sett på, men etter det vi har fått opplyst så har den omlag same kvalitetane som Josteinbøen. Den må difor sjåast på som ein potensiell slåttemarkslokalitet. (Kjelde; Ortofoto henta frå Gislink).



**Figur 3.** Lokaliteten Hestebeitet. Lokaliteten hadde nok ikkje så mykje av slåttemarksstrukturen i behald, men var likevel ganske artsrik med ganske mange naturengplantar. (Foto; Øystein Folden 28.06.2012)

### Gjerda i Norddal

Den 28. juni 2012 om morgonen møtte vi brukarane av Gjerda (Hatlestad gnr 54 bnr 4 m.m.) og vart orientert om dei ymse engene og noverande og tidlegare bruk. I alt vart det registrert 4 kulturmarkslokalitetar som kunne definerast som slåttemark som brukarane her disponerte.

Også fem-seks andre slåttemarkar vart undersøkt, men som vart vraka, mest fordi dei var for oppgjødsla og dominert av nitrofile artar. Tre av desse låg på oversida av vegen.



**Figur 4.** Kartutsnittet viser dei fire lokalitetane på Gjerda som vi meiner i det minste har ein B-verdi som slåttemarksnaturtypar og difor er kvalifisert til å få skjøtelsesplanar utarbeidd.



**Figur 5.** Her ser vi noko av Prestkornrobber på Instegjera. Lokaliteten har hatt feil skjøtsel ein periode, men det hadde tydeleg vore lite gjødsla og nitrofile artar fanst knapt. Slåttemarkstrukturane var i alle fall delvis intakt, sjølv om ikkje artsmangfaldet var spesielt stort. Lokaliteten er vurdert å ha eit ganske godt potensial for beitemarkssopp. (Foto; Finn Oldervik, Bioreg AS, 28.06.2012).

### Engeset (gnr 52 bnr 6) i Norddal.

Etter å ha utført naturfaglege undersøkingar på det meste av innmarka på Gjera gjekk vegen ned att til Engeset (Gnr 52 bnr 6) der vi møtte Turid Indset og sambuaren Harald Fossheim. Ingenting av det vi såg på dette bruket kan definerast som slåttemark i den tydinga det har i DN-Handbok 13. Riktig nok hadde det vore rydda ein god del skog, samt at eit areal hadde vore beita av geiter, men nokon slåttemarksstruktur fanst det ikkje spor av. (Manglar bilete frå denne lokaliteten).

### Eide i Eidsdal.

På Eide ved nordenden av Eidsvatnet lukkast det ikkje å få tak i brukar/eigar, slik at vi måtte sjå på alle teigane som tilhørde bnr 2 av Eide.



Figur 6. Vi såg på alle teigane som er merka gnr 65/2 på dette kartet, men ingen av dei var i nærleiken av å vera aktuelle som den prioriterte naturtypen, slåttemark. (Kjelde; Gislink).



Figur 7. Den første lokaliteten vi såg på ligg ved nordvestenden av Eidsvatnet, men verken arealet vi ser i framgrunnen eller det som ligg nærare lia er aktuelle som naturtypen slåttemark. (Foto; Øystein Folden 28.06.2012).

Etter å ha sett på teigen ved nordvestenden av Eidsvatnet, kørde vi vidare langs austsida der vi snudde. Den teigen som ligg lengst sør av gnr 65/2 vart så observert og vart funne å tilhøyra den intensivt drivne jordbrukslandskapet og var slik utan verdi som prioritert naturtype. Vi held så fram til teigen som ligg lengst nordaust av gnr 65/2, men også der kunne vi konstatera at mykje av teigen tilhørde det same intensivt drivne jordbrukslandskapet som teigen lenger sør. Det vart også sett på den delen av teigen som ligg mellom riksvegen og Eidsvatnet. Omtale av denne finst i billetteksta til framsidebiletet. Då det var litt vanskeleg å avstandsvurdera den øvste delen av teigen lengst mot nordaust, vart denne undersøkt nærare i felt. Sjå nærare vurderingar i billettekstene!



**Figur 8.** Dette biletet er frå teigen som ligg lengst mot nordaust på bnr 2 av Eide. Biletet er tatt frå ein stad i nærleiken av den første gule flekken lengst mot venstre på kartet på s. 9 (nr. 1). Arealet er ganske sikkert pløgd og gjødsla. Artane fortel om eit areal utan verdi som prioritert naturtype. (Foto; Øystein Folden 28.06.2012).


Om ein flyttar seg vidare mot høgre på kartet på s. 9 og kjem til den andre gule flekken sett frå venstre, så vart dette vurdert å vera eit areal som sikkert har vore beita, men no i mykje attgroing langs bekk med delvis fleire laup.

Områda ved dei to flekkane lengst mot høgre (3 og 4) (Sjå kartet på s, 9) kan skildrast på følgjande måte; Viss det blir sleppt ein del beitedyr i området, kan dette bli ei fin naturbeitemark. Slik arealet ligg no, er det truleg tale om ei naturbeitemark med C-verdi og i attgroing, slik at verdien vil vere borte innan eit tiår. Heilt uaktuell som slåttemark. Figur 9 er frå denne potensielle beitemarka.





Figur 9. Strukturen peker klart i retning naturbeitemark. Viss arealet blir beita og rydda, vil det vere ei fin naturbeitemark, utan beiting og rydding av kratt er også naturbeitemarkverdiane snart borte. (Foto; Øystein Folden 28.06.2012).



Figur 10. Dette kartutsnittet viser litt av den lokaliteten på Eide som ligg lengst mot nordaust. Kartet er henta frå [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) og gule ringar markerer punkt med registrerte artsobservasjonar.

**Berge, Øvstelia i Eidsdal**

Den siste lokaliteten vi såg på var Øvstelia (bnr 3) under Berge (gnr 67). Her møtte vi Solveig Berge Tafjord som orienterte litt om kva for eng som skulle undersøkjast. Enga viste seg å vera tydeleg og rikeleg gjødsla og det var knapt nokon naturengartar å sjå der. Det var stort sett artar som engsoleie og engsyre som dominerte og som naturtypen slåttemark vart den vraka. Vi såg heller ikkje noko tydeleg restaureringspotensiale i eng slik den ser ut no.



**Figur 11. Øvstelia på Berge var godt oppgjødsla og vi såg ikkje noko restaureringspotensial i denne innan ein rimeleg tidshorisont (Foto; Finn Oldervik, Bioreg AS 28.06.2012).**